Del 2 av 2

KOMREV3 IKS
KOMMUNEREVISJONEN

Forvaltningsrevisjon Stranda kommune

Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/2010

Analyse av Stranda kommune si lånegjeld vurdert opp i mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon



November 2010

5. Finansreglement

I samband med ny *Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning*, fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009, og som vart gjort gjeldande 01.07.2010, har Stranda kommune utarbeidd nytt finansreglement. Kommunerevisjonen gjorde saman med Gabler Wassum as, ei uavhengig vurdering av om reglementet var i tråd med lov og forskrift før det nye reglementet vart vedteke. Vi hadde då ikkje kommentarar til innhald i finansreglementet vedrørande låneforvaltning.

Men sjølv om reglementet tilfredstillar krav i regelverket, kan det heile tida vurderast om reglementet kan gjerast betre. Eventuelt kan ein vurdere rutinane knytt til reglementet. Det er her slik at Stranda kommune no skal utarbeide rutinar til handtering av reglementet, og desse rutinane skal og vurderast av ekstern kompetanse.

Det står følgjande i finansreglementet om låneforvaltning:

6. LÅNEFORVALTNING

- *Låneopptak skal finne stad i samsvar med investeringsbudsjett og likviditetsbehov.*
- *Lån kan takast opp som lån utan avdrag der heile hovudstolen blir innfridd på eitt og same tidspunkt. Avdrag av lånegjeld i samsvar med kommunelova sin § 50, nr. 7a blir gjort i form av årlege avsetjingar til avdrag. Slike avsetjingar kjem til fråtrekk i første låneopptak som kommunen gjer.*
- *Gjeldsporteføljen skal vere sett saman av eit mindre antal lån, men likevel slik at eit enkelt lån ikkje kan utgjere meir enn 30% av den samla låneporteføljen.*
- *Lån med forfall inntil 12 månader fram i tid skal maksimalt utgjere 25% av den samla låneportefoljen.*
- *Finansielle instrumenter som framtidige renteavtaler og rentebytteavtaler, kan nyttast for å sikre kommunen sin låneportefølje mot uønska rentesvingningar. Slike instrument skal reknast med i gjeldsporteføljen sin samla renterisiko.*
- *Renterisikoen i gjeldsporteføljen skal styrast etter følgjande prinsipp:*
  a. *Eit enkelt lån/instrument kan ha maksimal vekta renteløpetid (durasjon) på 7 år.*
  b. *Den samla gjeldsporteføljen skal ha vekta renteløpetid på mellom 1 og 4 år.*
- *Det vert delegert til administrasjonen å etablere ei gjeldsforvatning i samsvar med retningslinjene og rammene som er nemnd ovanfor.*

Reglementet tek med andre ord ikkje spesielt omsyn til rentevilkåra på

sjølvfinansierande gjeld.

Det er gitt korleis rentefoten innafor VAR-sektoren skal bereknast, og det er difor mogleg for kommunen å sikre seg at ein unngår tap her ved å syte for at tilsvarande innlån har same vilkår.

Ein strategi kan med andre ord vere å sjå aktiva og passiva samla:

- NIBOR-avkasting aktiva blir kopla mot tilsvarande passiva
- Husbank aktiva blir kopla mot Husbank passiva
- Gebyrgrunnlag aktiva bli kopla mot rentevilkår passiva
- Rentebindingar blir vurdert for resten

Dette er ikkje noko reglementet tek stilling til. Vi tilrår at kommunen bør gjere ei konkret vurdering av om dette kunne vore fornuftig for Stranda kommune. Sjå elles vurdering i neste kapittel om stresstest.

6. Stresstest

6.1 Stresstest med rapport frå Gabler Wassum as[11]

Gabler Wassum as har gjennomført ein såkalla stresstest av lånegjelda til Stranda kommune. På dei neste sidene blir heile rapporten med stresstest presentert.

[11] Gabler Wassum as er eit selskap som mellom anna leverer frittståande tenester innanfor aktuar, pensjon og investeringsrådgjeving. Selskapet har 57 tilsette og har kontor i Oslo, Bergen og Kristiansand.

Stresstest av Stranda kommunes gjeldsportefølje

Bergen, 29.10.2010

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

1 Innhold

2 Bakgrunn 3
3 Dokumentasjon 3
4 Forbehold 3
5 Forutsetninger 4
6 Resultat 5
6.1 Rentekostnader 5
6.2 Avdrag 6
6.3 Gjeldsoppbygging 7
7 Vedlegg 8
7.1 Rentekostnader uten kommunale foretak 8
7.2 Avdrag uten kommunale foretak 8
7.3 Gjeldsoppbygging uten kommunale foretak 9
7.4 Norges Banks anslag for styringsrenten frem til og med 2013 9

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

2 Bakgrunn

Gabler Wassum har på oppdrag fra Kommunerevisjonen i Møre og Romsdal ("Kommunerevisjonen") gjennomført en stresstest av gjeldsportefoljen til Stranda kommune.

3 Dokumentasjon

Bakgrunnsmaterialet som er benyttet ved gjennomføringen av stresstesten er en oversikt over kommunens gjeldsforpliktelser som ble oversendt fra Kommunerevisjonen. Bakgrunnsmaterialet inneholder opplysninger om:

- Långiver
- Låneopptak
- Opptaksår
- Løpetid
- Lånesaldo per 31.12.2009
- Avdrag 2010
- Estimert lånesaldo per 31.12.2010
- Dagens rente

I tillegg har vi mottatt informasjon om planlagt nettooppbygging av gjeld til og med 2013.

4 Forbehold

Materialet i denne rapporten er utarbeidet av Gabler Wassum AS. Materialet skal ikke kopieres eller distribueres til andre uten skriftlig tillatelse fra Gabler Wassum AS. Gabler Wassum AS gir råd og bistand basert på kilder vi anser som pålitelige, på sin opparbeidede kunnskap og etter beste skjønn. Gabler Wassum AS er ikke ansvarlig for direkte eller indirekte økonomisk eller ikke-økonomisk tap eller skade som følge av at slike råd følges.

Vi mottar ikke betaling eller andre former for kompensasjon fra noen andre enn oppdragsgiver for å fremsette synspunkter i denne rapporten.

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

5 Forutsetninger

I stresstesten har vi tatt følgende forutsetninger:

- For Husbanken og KLP har vi antatt i basis-scenariet at renten følger dangs forwardrenter.
- For Kommunalbanken har vi benyttet siste tilgjengelig 3 mnd NIBOR.
- For fastrente antar vi for basis-scenarioet at kommunen ved utløpet av fastrenteavtalen igjen binder renten til dagens 5-årige forwardrenter.
- Vi antar at det er kvartalsvise terminer på samtlige lån og at dagens årlige avdrag vil være de samme fremover. Det vil si at for de lånene hvor det ikke ble betalt avdrag i 2010 heller ikke blir betalt avdrag fremover.
- Ved opptak av nye lån, som er basert på den gjeldsøkningen som kommunerevisjonen oppgir i sin mail, så antar vi at fordelingen mellom fast og flyt er den samme som i dag (dvs ca 43 % fast)
- Ved oppbygging av gjeld har vi tatt med VAR (vann, avløp og renovasjon)
- For enkelhets skyld har vi antatt at det ikke betales avdrag på de nye lånene. Dette for å holde netto oppbygging av gjeld på det nivået som vi har fått oppgitt.
- Høyt scenario tilsier en renteoppgang på 2 prosentpoeng per år de neste tre årene. Dette tilsvarer en renteoppgang på totalt 6 prosentpoeng de neste tre årene. Norges Banks referansebane for styringsrenten de kommende tre årene (se vedlegg) inkluderer en usikkerhetsvifte med en styringsrente på intervallet 1 prosent til i overkant av 7 prosent. Denne viser hva Norges Bank antar at styringsrenten vil være fremover med 90 % sannsynlighet. Dette er med på å støtte opp under vårt valg av utviklingen av renten i et "worst case" scenario.
- Lavt scenario er angitt med en rente som gradvis går ned til 1,5 % i utgangen av 2011.
- I scenariene med varierende rente er det kun den gjelden som har flytende rente, samt nye lån, som påvirkes direkte. Gjeld med fast rente vil bli regulert på refinansieringstidspunktet.
- I beregningene har vi inkludert gjelden til de kommunale foretakene Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF. I appendikset gjengir vi de samme beregningene når disse foretakene er holdt utenfor.

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

6 Resultat

6.1 Rentekostnader

Basert på den informasjonen vi har mottatt og de forutsetningene vi har lagt til grunn har vi beregnet at kommunen vil få følgende årlige rentekostnader under de forsjellige scenarioene i de tre årene fremover:

Tabell 1 Rentekostnader inklusive foretak under forskjellige scenario 2011

	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	346 383	514 955	254 070
Kommunalbanken	11 933 940	15 831 637	9 043 397
KLP Kommunekreditt	9 488 822	9 806 485	9 221 485
Nordea	1 990 049	3 004 035	1 469 962
Nye låneopptak	806 493	1 050 346	489 882
Sum	24 565 686	30 207 458	20 478 796

Tabell 2 Rentekostnader inklusive foretak under forskjellige scenario 2012

	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	353 616	723 673	179 719
Kommunalbanken	12 043 584	22 668 201	6 260 297
KLP Kommunekreditt	8 830 769	10 320 434	7 664 633
Nordea	2 163 522	4 469 418	1 099 037
Nye låneopptak	2 614 070	4 292 042	1 360 694
Sum	26 005 560	42 473 769	16 564 380

Tabell 3 Rentekostnader inklusive foretak under forskjellige scenario 2013


	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	354 729	901 867	168 272
Kommunalbanken	12 330 441	28 978 346	5 722 882
KLP Kommunekreditt	8 430 025	10 868 067	6 773 068
Nordea	2 318 953	5 971 436	1 099 037
Nye låneopptak	4 311 708	8 688 847	2 054 733
Sum	27 745 858	55 408 562	15 817 992

5

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

Basert på de tallene som fremgår av tabellene over, får en følgende figur for våre beregnede rentekostnader under de forskjellige scenario i årene fremover. Av figuren går det frem at nivået på de fremtidige rentekostnadene er svært avhengige av hvilke forutsetninger en legger til grunn.

Figur 1 Utvikling i rentekostnader inklusive foretak 2011-2013



6.2 Avdrag

I stresstesten som vi har gjennomført har vi tatt utgangspunkt i følgende avdragsstruktur:

Tabell 4 Avdrag inklusive foretak 2011-2013

	2011	2012	2013
Husbanken	763 127	763 127	763 127
Kommunalbanken	13 260 720	13 260 720	13 260 720
KLP Kommunekreditt	7 758 304	7 758 304	7 620 727
Nordea	0	0	0
Sum	21 782 151	21 782 151	21 644 574

6

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

Basert på disse avdragene, og de planlagte låneopptakene i perioden estimerer vi at kommunen vil få en samlet gjeld på drøyt MNOK 773 i 2013. I tabellen nedenfor gjengis gjelden fordelt på långiver.

6.3 *Gjeldsoppbygging*

Tabell 5 Gjeld Stranda kommune inklusive foretak 2011-2013

	2011	2012	2013
Husbanken	12 267 427	11 504 300	10 741 173
Kommunalbanken	390 261 920	377 001 200	363 740 480
KLP Kommunekreditt	190 541 685	182 783 381	175 162 654
Nordea	73 269 150	73 269 150	73 269 150
Nye lån	58 574 271	107 048 542	150 385 236
Sum	**724 914 452**	**751 606 572**	**773 298 692**

Med et høyt gjeldsnivå og en høy andel flytende gjeld er kommunen utsatt for økninger i rentekostnader som kan få betydning for hvordan tjenesteproduksjonen i kommunen må innrettes fremover. Følgelig bør de ha en gjeldsstrategi hvor særskilte kriterier for rentebinding fastsettes. Beslutninger av vesentlig art bør være forankret i finansreglementet. Er det ingen særskilte krav til løpetid på finansiering, sammensetning av gjeld, kriterier for anvendelse av finansielle derivater, fastsettelse av renter osv. bør det fastsettes.

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

7 Vedlegg

7.1 Rentekostnader uten kommunale foretak

2011

	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	346 383	514 955	254 070
Kommunalbanken	6 849 302	8 655 014	5 473 792
KLP Kommunekreditt	9 488 822	9 806 485	9 221 485
Nordea	1 990 049	3 004 035	1 469 962
Nye låneopptak	806 493	1 050 346	489 882
Sum	**19 481 048**	**23 030 836**	**16 909 191**

2012

	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	353 616	723 673	179 719
Kommunalbanken	6 598 794	11 884 434	3 494 103
KLP Kommunekreditt	8 830 769	10 320 434	7 664 633
Nordea	2 163 522	4 469 418	1 099 037
Nye låneopptak	2 614 070	4 292 042	1 360 694
Sum	**20 560 770**	**31 690 002**	**13 798 186**

2013

	Basis scenario	Høyt scenario	Lavt scenario
Husbanken	354 729	901 867	168 272
Kommunalbanken	6 583 904	14 726 836	2 998 825
KLP Kommunekreditt	8 430 025	10 868 067	6 773 068
Nordea	2 318 953	5 971 436	1 099 037
Nye låneopptak	4 311 708	8 688 847	2 054 733
Sum	**21 999 321**	**41 157 053**	**13 093 935**

7.2 Avdrag uten kommunale foretak

	2011	2012	2013
Husbanken	763 127	763 127	763 127
Kommunalbanken	6 452 840	6 452 840	6 452 840
KLP Kommunekreditt	7 758 304	7 758 304	7 620 727
Nordea	0	0	0
Sum	**14 974 271**	**14 974 271**	**14 836 694**

8

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar


7.3 Gjeldsoppbygging uten kommunale foretak

Total gjeld (utgangen av året)

	2011	2012	2013
Husbanken	12 267 427	11 504 300	10 741 173
Kommunalbanken	208 794 310	202 341 470	195 888 630
KLP Kommunekreditt	190 541 685	182 783 381	175 162 654
Nordea	73 269 150	73 269 150	73 269 150
Nye lån	58 574 271	107 048 542	150 385 236
Sum	543 446 842	576 946 842	605 446 842

7.4 Norges Banks anslag for styringsrenten frem til og med 2013

Anslag på styringsrenten i referansebanen med usikkerhetsvifte.
Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2013



Kilde: Norges Bank

6.2 Kommentarar

I den siste figuren i stresstesten er Noregs Bank sitt anslag på rentebane presentert. I den samanheng er det verdt å merke seg korleis flytande rente for kommunane ligg i høve til dette. Figuren under viser difor 3 mnd. NIBOR (som gjerne er relativt lik flytande rente for kommunane), styringsrente i Noregs Bank og 5 års fastrente.

Figur 25 Samanheng renter



6.2.1 Stranda kommune

I inneverande år har Stranda kommune (ekskl. føretak) budsjettert med 17,6 mill. kroner i renteutgifter og 12,4 mill. kroner i avdragsutgifter. I vedteken økonomiplan ligg det ikkje inne auke i verken avdrags- eller renteutgifter i planperioden. I tabellane over går det fram at forventa renteutgifter vil stige til 22 mill. kroner i eit basis-scenario i 2013. Det er vidare synleggjort kor høge renteutgiftene ville kunne verte ved eit såkalla høgt scenario, og dette synleggjer risikoen knytt til gjelda i Stranda kommune.

6.2.2 Kommunale føretak

Dersom ein ser på føretaka kvar for seg, viser testen følgjande for Strandafjellet KF:

Tabell 6 Kapitalkostnadar Strandafjellet KF

År	Basis	Høy	Lav
2011	7 907 611	9 114 923	6 995 480
2012	8 026 333	11 100 516	6 482 539
2013	8 096 260	12 843 566	6 409 227

Av dette er kr 4.887.500,- avdrag kvart år. Dette er under føresetnad av at det ikkje blir gjort nye låneopptak i perioden, og at gjelda pr. 31.12..10 er 113 mill. kroner. Eventuelt nye låneopptak vil derfor gi ei auke i tala i tabellen.

Tilsvarande for Stranda Hamnevesen KF:

Tabell 7 Kapitalkostnadar Stranda Hamnevesen KF

År	Basis	Høy	Lav
2011	3 943 518	4 767 111	3 337 644
2012	4 063 083	6 163 234	3 009 061
2013	4 155 891	7 464 059	2 980 255

Av dette er kr 1.920.380,- avdrag kvart år. Dette er og under føresetnad av at det ikkje blir gjort nye låneopptak i perioden, og at gjelda pr. 31.12.10 er 75,2 mill. kroner.

7. Finansielle eigedelar

7.1 Innleiing


Stranda kommune har i balansen pr. 31.12.2009 to større postar. Den eine er Stranda Energiverk as og den andre er Stranda Eigedomsselskap as.

Dersom ein tek summen av

- Aksjar og delar (anleggsmiddel)
- Aksjar og delar (omløpsmiddel)
- Sertifikat (oml.m.)
- Obligasjonar (oml.m.)

og ser dette i høve til tal på innbyggjarar for alle kommunane, får ein fram følgjande figur

Figur 26 Diverse finansielle eigedelar – alle kommunar – verdi pr. innbyggjar



Stranda kommune er plassert ved utheva strek. Verdien i balansen til kommunen utgjer kr 17 647,- pr innbyggjar. Gjennomsnittet er kr 12 275,- for kommunane. Stranda kommune kjem difor betre ut enn gjennomsnittet, og ligg på 90. plass av kommunane.

7.2 Stranda Energiverk as

Stranda Energiverk as er eit kommunalt heileigd aksjeselskap.

I *Rapport finansforvaltning* som blir handsamen no i haust, skriv rådmannen at bokført verdi av aksjane i Stranda Energiverk as er sett lik kjøpsverdi kr 62 946 000. Vidare skriv ho at *"Marknadsverdi for selskapet vil truleg vere noko høgare enn verdivurderinga i balansen til Stranda kommune"*.

Kommunerevisjonen har ikkje gjort noko vurdering av reell verdi av selskapet. Bokført verdi på 62,9 mill. kroner utgjer kr 13 892,- pr innbyggjar.

7.3 Stranda eigedomsselskap as

Stranda eigedomsselskap as er eit kommunalt heileigd aksjeselskap.

I *Rapport finansforvaltning* som blir handsamen no i haust, skriv rådmannen at bokført verdi av aksjane i Stranda Energiverk as er sett lik kjøpsverdi kr 10 840 000. Vidare skriv ho at *"Marknadsverdi for selskapet er om lag som verdivurderinga i balansen til Stranda kommune"*.

Jf. årsmeldinga driv selskapet utleige og utbygging av forretningslokaler og husvære. Selskapet er morselskap i konsernet og har følgjande heilegde datterselskap:

- Svemorka Næringsbygg as
- Svemorke Produksjonsbygg as
- Svemorka Industribygg as
- Næringsfaghuset as
- Stranda Næringsbygg as

I tillegg eig selskapet 10,4% i Storfjord Kompetansepark as

Selskapet hadde tidlegare eit ansvarleg lån på 9,84 mill. kroner til Stranda kommune. Dette vart i 2008 omgjort til aksjekapital.

Nokre nøkkeltal:
Stranda eigedomsselskap:

- Langsiktig gjeld 2009, 75,1 mill. kroner
- Driftsresultat 2009, 0,9 mill. kroner
- Driftsresultat 2008, negativt 1 mill. kroner

Svemorka Næringsbygg as:

- Langsiktig gjeld 2009, 11,5 mill. kroner
- Driftsresultat 2009, 0,5 mill. kroner
- Driftsresultat 2008, negativt 1,6 mill. kroner

Svemorka Produksjonsbygg as:

- Langsiktig gjeld 2009, 3,3 mill. kroner
- Driftsresultat 2009 0,1 mill. kroner
- Driftsresultat 2008: 0

Svemorka Industribygg as:

- Langsiktig gjeld 2009, 3 mill. kroner
- Driftsresultat 2009, 0,2 mill. kroner
- Driftsresultat 2008 0,1 mill. kroner

Næringsfaghuset as:

- Langsiktig gjeld 2009, 3,2 mill. kroner,
- Driftsresultat 2008 og 2009 0

Stranda Næringsbygg as:

- Langsiktig gjeld 2009, 1,8 mill. kroner
- Driftsresultat 2009, negativt 0,1 mill. kroner
- Driftsresultat 2008, negativt 0,1 mill. kroner

Vi forstår det slik at gjelda som dotterselskapa har, i hovudsak er til morselskapet Stranda Eigedomsselskap as. Dette medførar at gjeldsbyrda til konsernet er om lag lik gjelda til eigedomsselskapet på 75,1 mill. kroner.

Dersom eigedomsselskapet har gjeld knytt til eigedomar som andre kommunar tilsvarande ikkje har skilt ut i eige selskap, vil gjelda for Stranda kommune i KOSTRA framstå som lågare enn tilsvarande for andre kommunar. Gjelda til eigedomsselskapet er mao. ikkje ein del av KOSTRA-tala.

Når det gjeld risiko er det i aksjeselskap i utgangspunktet slik at det berre er aksjekapitalen som vil gå tapt ved ein eventuell konkurs (føresett at ein ikkje har gitt garanti for høgare beløp.) Men her må det og takast med eventuell risiko dersom eigedomsselskapet har drift og eigedomar som er knytt til arbeid og tenesteproduksjon i kommunen, eller eigedomar som er ein del av næringsutviklingspolitikken i kommunen. Spørsmålet ein må stille seg er kva konsekvensar det vil ha for Stranda kommune om selskapet skulle gå konkurs. I *Viljeserklæring* frå Stranda kommune til Sparebanken Møre står m.a. følgjande:

> *Eiendomsselskapet ivaretar flere viktige primæroppgaver for kommunen, og låneopptaket skal bidra til å ivareta disse oppgavene.*

og

> *Dersom det i den tiden selskapet har engasjement med banken oppstår situasjoner som gjør det nødvendig vil Stranda kommune, ut fra eierstratetgien, legge stor vekt på de hensynene som ligger bak ovennevnte vedtak. Herunder*

også kunne gå inn med tiltak som dekker opp for eventuelle likviditetsunderskudd. Likviditet er i denne sammenhengen å forstå som årets regnskapsmessige overskudd etter skatt, tillagt årets avsksrivninger fratrekt årets avtalte avdrag/nedtrapping på nedbetalingslån/rammekreditt til Sparebanken Møre.

Dette er ingen juridisk bindande garanti, men det indikerar at det kanskje kan vere fornuftig å ta med gjelda til eigedomsselskapet også når ein samanliknar med andre kommunar.

8. Oppsummering og tilrådingar

8.1 Svar på spørsmål som er reist

Spørsmål 1: Kva viser oppdaterte KOSTRA-tal for Stranda kommune (med og utan kommunale føretak) sett i høve til samanliknbare kommunar?

Konklusjonen når det gjeld KOSTA-tala for Stranda kommune ser ut til å vere relativt lik med og utan kommunale føretak. Hovudkonklusjonen er at økonomiske nøkkeltal for Stranda kommune er svake:

- Lågt netto driftsresultat over tid
- høg lånegjeld både i høve til storleik og i høve til inntekter
- ikkje noko disposisjonsfond
- mykje går til renter og avdrag til trass for lang nedbetalingstid, samt
- ei stor utfordring ved at høgt investeringsnivå har generert momskompensasjon som har gått til salderinga av drifta i kommunen,

tilseier at kommunen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon.

Spørsmål 3: Er det mogleg å seie noko om korleis lånegjelda verkar inn på reelt og forventa utgiftsnivå i kommunen, og kva konsekvensar den gir for tenesteproduksjonen?

Ein skal sjølvsagt vere varsam med å konkludere med omsyn til tenesteproduksjonen i Stranda kommune ut frå enkeltindikatorar i KOSTRA. Det er likevel verdt å merke seg at Stranda kommune kjem dårleg ut på det såkalla kommunebarometeret, der ein set saman fleire indikatorar. To unntak er sosialtenesta og skulesektoren.

Generelt vil det vere mange faktorar som er bestemmande for kvaliteten på kommunale tenester. Kapitalinnsats som følgje av investeringar i bygningar og utstyr er ein av mange variablar som er bestemmande for tenestekvaliteten. Det er ikkje utan vidare gitt at ein kommune gjennom realkapitalinvesteringar oppnår god tenestekvalitet. Tvert imot kan ein oppleve at låneopptak og investeringar kan gi ein økonomisk vanskeleg situasjon, som i neste omgang får ein negativ påverknad på tenestetilbodet. Dette fordi ein større del av kommunen sine driftsrammer over tid vil måtte gå med til å dekke renter og avdrag på ei auka gjeld. Dette illustrerer at investeringsavgjerder i kommunar må basere seg på faglege vurderingar og avvegingar kring kor tilgjengelege ressursar trengs mest. For store investeringsprosjekt må slike avvegingar gjerast i eit tidsperspektiv som strekk seg lengre enn ein økonomiplanperiode. Det er krevjande å leggje fram fullt opplyste saker med slike premissar for

investeringsavgjerder, men det er berre på eit slikt avgjerdsgrunnlag politikarane kan fatte avgjerder med gode og langsiktige prioriteringar for kommunen. I slike prioriteringar må ein også vurdere korleis ei auka lånegjeld verkar inn på handlingsrommet for tenesteproduksjonen.

Spørsmål 2: Korleis verkar lånegjelda i høve til risiko? Kva utslag vil eventuelle renteendringar kunne gi?

Risikoen ved høg lånegjeld er stor. Stresstesten viser mellom anna konsekvensar på finansutgiftene i eit scenario med sterkt auka rentenivå. Auka renter vil sjølvsagt kunne påverke tenesteproduksjonen i Stranda kommune negativt, og vil kunne setje kommunen i ein situasjon som kan vere vanskeleg å handtere jf. balansekravet i kommunelova.

Når det gjeld konsernrisiko er denne og sannsynlegvis høg. Det er uråd ut frå dokumentasjonen frå føretaka å vurdere dette. Spesielt når det gjeld Strandafjellet KF finn vi grunn til å påpeike at ei risikovurdering burde vore gjennomført før avgjerd om investering, men også når det gjeld Stranda Hamnevesen KF bør det gjennomførast risikovurdering. Vidare bør det også vurderast i høve Stranda Eigedomsselskap as då vi vurderer det slik at det sannsynlegvis vil ha konsekvensar for kommunen om eigedomsselskapet skulle få økonomiske problem.

Spørsmål 4: I kva grad er gjelda til Stranda kommune sjølvfinansierande?

Jf. kapittel 4 kjem det fram at sjølvfinansierenda gjeld i Stranda kommune ikkje ser ut til å vere annleis enn for andre kommunar. Dette gjeld både den gebyrfinansierte VAR-sektoren og tilskot til pleie- og omsorgsinvesteringar og skuleinvesteringar.


I kva grad ein skal sjå på gjelda til føretaka som sjølvfinansierande er avhengig av risiko. Det er sjølvsagt knytt meir risiko til denne gjelda enn gjelda nemnd i førre avsnitt. Tala i rapporten er presentert med og utan kommunale føretak.

Ein kan setje opp eit diagram som gir eit bilete av fordelinga av gjelda i Stranda kommune. I figuren under er VAR sjølvfinansierande[12]. Vidare gjeld Pleie- og omsorg det som er sjølvfinansierande (rente- og avdragskompensasjon). Når det gjeld Skule er dette delvis sjølvfinansierande (rentekompensasjon).
Dei kommunale føretaka er sett opp for seg. På Strandafjellet KF er det korrigert

[12] Talet er basert på KOSTRA, og dersom kommunen investerte mykje innanfor VAR i slutten av 2009 kan det vere slik at dette skal vere noko større.

for ubrukte lånemidlar.
Når det gjeld Åkneset er det tatt utgangspunkt i gjeld på 30,2 mill. kroner, og 65,5 % av dette framstår i diagrammet under då dette er den delen av gjelda som dei andre deltakarkommunane i IKS-et svarar for.

Figur 27 Berekna fordeling av lånegjeld pr 31.12.2009



Spørsmål 5: Korleis ser gjeldsutviklinga ut framover?

Dersom ein legg til grunn budsjetterte investeringar inneverande år, vedteken økonomiplan og tek med Stranda eigedomsselskap[13], kan ein framstille gjelda til kommunen/konsernet på følgjande måte:

Tabell 8 Oversyn samla gjeld

	31.12.2009	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2013
Netto lånegjeld, kommune	400 008 000	486 341 317	543 446 842	576 946 842	605 446 842
Netto lånegjeld pr. innbyggjar, kommune	88 282	107 336	119 940	127 333	133 623
Netto lånegjeld, konsern	462 998 000	674 616 807	724 914 452	751 606 572	773 298 692
Netto lånegjeld pr. innbyggjar, konsern	102 185	148 889	159 990	165 881	170 668
Netto lånegjeld, konsern og eigedomsselsk.	538 098 000	749 716 807	800 014 452	826 706 572	848 398 692
Netto lånegjeld pr. innbyggjar, konsern og eigedomsselsk.	118 759	165 464	176 565	182 456	187 243

[13] Gjelda til eigedomsselskapet er for å gjere det enkelt halde konstant på 75,1 mill. kroner i heile perioden.

Som vist i rapporten tidlegare er det ikkje grunn til å vurdere gjelda i Stranda kommune annleis enn i andre kommunar. Det er difor ein klar konklusjon at gjelda for Stranda kommune er særs høg. Gjeldssituasjonen kombinert med svake netto driftsresultat over tid gjer at ein kan stille spørsmål ved om dette kan vere i strid med kommunelova sine krav knytt til berekraftig utvikling og det såkalla generasjonsprinsippet.

Dersom kommunen vel å gjennomføre investeringar som skissert i prosjekt som er handsame i kommunestyret, i tillegg til dei prosjekta som ligg inne i økonomiplanen, vil gjelda som tidlegare omtala auke med ytterlegare 100 mill. kroner. Dersom dette vert gjennomført slik, vil altså gjelda pr 31.12.2013 bli om lag kr. 195.000 pr innbyggjar i Stranda kommune (ekskl. eigedomsselskapet). Dersom ein tek med eigedomsselskapet ville talet vore om lag kr 209.000 pr. innbyggjar.

I vedteken økonomiplan ligg det ikkje inne auka finansutgifter ut over nivået i 2010. Basisscenarioet i stresstesten viser renteutgifter på om lag 22 mill. kroner for kommunen (ekskl. føretak) i 2013. I økonomiplanen ligg det inne 18 mill. kroner. Dette gir eit avvik på 4 mill. kroner.

Dersom ein legg til grunn gjelda for kommunen (inkl. føretak) i 2012 i tråd med vedteken økonomiplan, og antar nedbetalingstid i tråd med førebelse utrekningar (31 år), vil kommunen måtte betale om lag 24,2 mill. kroner i avdrag i 2013.
For kommunen (ekskl. føretak) er talet om lag 18,6 mill. kroner. Avviket for kommunen (ekskl. føretak) når det gjeld avdrag blir då om lag 5,6 mill. kroner.

Dersom kommunen i tillegg har tenkt å investere for 100 mill. kroner ut over vedteken økonomiplan, vil det gje ein ytterlegare kraftig auke i rente- og avdragsutgifter.

Dette kjem i tillegg til tidlegare omtala avvik på for mykje budsjettert driftsinntekt momskompensasjon på om lag 5,4 mill. kroner i 2013.

Her kan ein og leggje til at ei av problemstillingane kommunen no må avklare er budsjetterte investeringar (og budsjettert låneopptak) til diverse prosjekt i 2010. Mellom anna planarbeid er i utgangspunktet driftsutgift, og kan ikkje lånefinansierast. Dersom dette er feilbudsjettert og må takast på drift, aukar ubalansen ytterlegare.

Etter vår vurdering er difor økonomiplanen til kommunen i reell ubalanse.

8.2 Avsluttande kommentar og tilrådingar

I førebels rapport tilrådde vi følgjande:

- Stranda kommune bør snarast mogleg innarbeide konsekvensar på kapitalkostnadane av planlagde investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensar av redusert momskompensasjon slik at ein har ein realistisk økonomiplan.
- Det bør gjerast nye berekningar på minimumsavdrag.

Denne rapporten har forsterka desse tilrådingane. I tillegg har vi følgjande tilrådingar:

- Kommunen bør leggje meir arbeid i analyser og målsetjingar i samband med økonomiplanarbeidet. Det bør vurderast å setje meir konkrete målsetjingar jf. KOSTRA
- Ut frå den særs høge gjelda til kommunen, bør ein vurdere å bruke jamlege stresstestar på finansutgifter for å halde seg oppdatert på risiko og moglege meirutgifter.
- Det bør vurderast å gjere risikoanalyser knytt til økonomi i kommunale føretak og kommunale selskap.
- Det bør arbeidast meir med å få økonomiplanen så realistisk som mogleg med tanke på investeringsutgifter.
- Kommunen bør vurdere om det kunne vore fornuftig for Stranda kommune å ha ein strategi i finansreglementet der ein ser aktiva og passiva samla.

9. Høyringssvar

Det er motteke 3 høyringssvar. Desse blir gjennomgått i dei neste avsnitta.

9.1 Strandafjellet KF

I vedlegg 5 ligg høyringsuttale frå Strandafjellet KF ved. Det kjem i brevet ikkje fram noko nytt vedrørande faktaframstilling i rapporten. Det kjem heller ikkje fram noko nytt som endrar vurderingane i rapporten.

Når det gjeld avsnitt om kommunestyrehandsaming i vår, er det å slå fast at det som vart lagt fram til kommunestyret der kommunerevisjonen var til stades ikkje var noko risikovurdering.

Føretaket nemner i sitt høyringssvar vidare at det er ønskeleg med ei utdjuping av avsnitt om skatteinngang/skatteutjamning i høve til samfunnsutvikling. Revisjonen kan gjerne utdjupe korleis inntektssystemet fungerer, men vurderer det som meir naturleg at føretak og administrasjon i kommunen gjer dette sjølve.

Når det gjeld samfunnsutvikling er vi usikre på kva føretaket meiner at vi som revisjon skal utdjupe i høve til regelverk eller andre revisjonskriterium. Vårt mandat var å seie noko om kommunen sin økonomi/tenestetilbod/lånegjeld og berekraft. Vi har ikkje hatt som mandat å kome med noko analyse/vurdering av om samfunnsutviklinga i Stranda er berekraftig, og det er heller ikkje naturleg at vi gjer det. Rett nok er det ikkje unaturleg å tru at ein berekraftig økonomi kanskje er ein føresetnad for at ei samfunnsutvikling er berekraftig, men kva vurderingar som skal leggjast i dette høyrer etter vår vurdering ikkje heime i ein revisjonsrapport.

9.2 Stranda hamnevesen KF

Det er mottatt følgjande vedtak frå Stranda hamnevesen KF:

- *Rapporten vert tatt til orientering*
- *Stresstest/ risiko i Stranda Hamnevesen KF burde ha vore synleg i rapporten.*

Vi viser til sak 10/636 i Stranda Hamnevesen KF "Søknad om tilskot til kaier i Stranda og Hellesylt og avslag frå Nærings- og miljøutvalet i Fylket."
Sak nr. 20/10 samrøystes vedtak:
"Søknaden vert avslått med bakgrunn i at kaiene i all hovedsak har funksjon som

cruisekaier, som kan finansierast fullt ut med avgifter."

Det kjem her ikkje fram noko nytt vedrørande faktaframstilling i rapporten. Det kjem heller ikkje fram noko nytt som endrar vurderingane i rapporten.

Når det gjeld kommentar om stresstest/risiko viser vi til tabell 7 der konsekvensane i forskjellige rentescenario er synleggjort for Stranda Hamnevesen KF.

Når det gjeld avsnitt om vedtak i fylket, kan vi ikkje sjå at eit avslag på søknad om midlar er relevant for denne rapporten.

9.3 Stranda kommune

Rådmannen sin kommentar til rapporten ligg i vedlegg 6.

Vi registrerer at rådmannen mellom anna skriv at:

> *Rapporten synes å vere grundig, og den framstår som eit godt verktøy for administrasjonen inn mot budsjettarbeidet 2011, og ikkje minst i høve arbeidet med økonomiplan, der Stranda kommune har store utfordringar framover.*

Av høyringssvaret går det fram at rådmannen har som målsetting å bruke KOSTRA meir aktivt i styringssamanheng, og dette er i tråd med våre vurderingar. Rådmannen ønskjer også å arbeide med å forbetre netto driftsresultat for kommunen. Det er etter vår vurdering bra.

Vidare ser det ut som om rådmannen ikkje er ueinig i rapporten sin konklusjon om at økonomiplanen til kommunen er i ubalanse. Rådmannen ser og ut til å stadfeste at det ikkje er budsjettert med reelle tal for investeringar i økonomiplanen.

Vi registrerar at rådmannen gjennom sitt høyringssvar ikkje har kommentarar til fakta eller er usamd i vurderingar, konklusjonar eller tilrådingar i rapporten.

Vedlegg

Vedlegg nr. 1 Førespurnad til kommunale føretak

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

	Vår dato:	Vår referanse:
	26.08.2010	
Vår sakshandsamar:	Dykkar dato:	Dykkar referanse:
Kurt A. Løvoll (tlf 70 17 21 53, e-post kurt.lovoll@komrev3.no)		

Stranda hamnevesen KF
Postboks 264
6201 STRANDA

Førespurnad vedrørande forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet i Stranda gjorde i møte 20.04.2010 (sak 07/10) slikt vedtak:

> *Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:*
>
> - *Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat*
> - *Kommunale føretak – konsernrisiko*
> - *Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle eigedelar*
> - *Sjølvfinansierande gjeld*
> - *Konsekvensar av renteendringar*
> - *Finansreglement*
>
> *Justeringar av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.*

I samband med dette arbeidet finn vi det nødvendig å be føretaka (jf. kulepunkt 2 over) om å bidra med informasjon og vurderingar, og vi ber derfor om å få oversendt følgjande:

- Oversyn over historiske (siste 4 år) og planlagd inntektsgivande aktivitetar (neste 4-5 år). Eksempelvis tal på ilandstigningar og hamneanløp og anna aktivitet som har gitt/gir føretaket inntekter.
- Oversyn over historiske (siste 4 år) og budsjetterte inntekter (neste 4-5 år).

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4 etg.

E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Føretaksregisteret
NO 971 562 587

Komrev3 IKS 2

Vår dato: 26.08.2010 Vår referanse:

- Oversyn over budsjetterte/planlagde rente- og avdragsutgifter saman med renteforesetnadar.
- Stranda hamnevesen KF si eiga vurdering av risiko knytt til inntektsforesetnader (jf. marknadssvikt eller liknande) og gjeld i føretaket.

Vi ber om svar innan 8. september 2010.

Med helsing

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

Kopi: Rådmannen i Stranda kommune

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår dato: 26.08.2010 | Vår referanse:
Vår sakshandsamar: Kurt A. Lovoll (tlf 70 17 21 53, e-post kurt.lovoll@komrev3.no) | Dykkar dato: | Dykkar referanse:

Strandafjellet KF
Postboks 264
6201 STRANDA

Førespurnad vedrørande forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet i Stranda gjorde i møte 20.04.2010 (sak 07/10) slikt vedtak:

> *Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:*
>
> - *Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat*
> - *Kommunale føretak – konsernrisiko*
> - *Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle eigedelar*
> - *Sjølvfinansierande gjeld*
> - *Konsekvensar av renteendringar*
> - *Finansreglement*
>
> *Justeringar av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.*

I samband med dette arbeidet finn vi det nødvendig å be føretaka (jf. kulepunkt 2 over) om å bidra med informasjon og vurderingar, og vi ber derfor om å få oversendt følgjande:

- Oversyn over budsjetterte/planlagde rente- og avdragsutgifter saman med renteføresetnadar.
- Oversyn over historiske (siste 4 år) og planlagd inntektsgivande aktivitetar (neste 4-5 år). Eksempelvis besøkstal, sesongkortsal, omsetnad servering eller liknande. Dette er tal som vi antar er henta frå leigetakar av anlegget i samband med

Postadresse: Postboks 7734 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Besøksadresse: Lerstadvegen 545, 4 etg.
E-postadresse: komrev3@komrev3.no
Telefon: 70 17 21 50
Telefaks: 70 17 21 51
Bankkonto: 6540 05 00465
Føretaksregisteret: NO 971 562 587

investeringa. Dersom dette ikkje er gjort ber vi om at føretaket innhentar desse opplysningane.

- Oversyn over historiske (siste 4 år for leigetakar – siste år for føretaket) og budsjetterte/planlagde inntekter (neste 4-5 år). Vi ber om at dette både blir vist for føretaket og at det og blir vist inntektsgrunnlaget som leigetakar må ha for å dekkje leige av anlegget.
- Strandafjellet KF si eiga vurdering av risiko knytt til inntektsføresetnader hjå leigetakar (jf. marknadssvikt eller liknande) og gjeld i føretaket.

Vi ber om svar innan 10. september 2010.

Med helsing

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Lovoll
revisjonsrådgjevar

Kopi: Rådmannen i Stranda kommune

Stranda kommune
Ordførar
Saksbehandler: Frank Sve

Til Kommunerevisjonen v/Kjetil Bjørnsen.

Vår ref.:Frank Sve. **Dykkar ref.:** **Arkiv:** **Dato:** 19.10.10

Hei!

Viser til brev frå deg, ang nokre spørsmål og opplysningar frå Strandafjellet KF.

Ang historisk tilbakeblikk på drifta av Strandafjellet, så viser eg til tlf samtale der dette vart omsnakka. Strandafjellet skisenter as, var før opprettinga av Strandafjellet KF, eigar av alt av skidestinasjonen sine objekt og driftsutstyr, som heiser, bygningar osv.
Dette vart etter opprettinga av Strandafjellet KF, solgt frå Strandafjellet skisenter as, til Strandafjellet KF, som pr i dag er eigar av destinasjonen og alt som høyrer med.
Dette medfører at det i realiteten er uråd å samanlikne driftsresultat frå tidlegare år, gjeldande Strandafjellet skisenter as, då det i realiteten vart ein reetablering frå oppstart av det "nye Strandafjellet" 19/12-2009.

Strandafjellet skisenter as, eig pr i dag ikkje anlegget, men leiger tilbake heile anlegget frå Strandafjellet KF.
Strandafjellet KF har gjennomført ein anbodskonkurranse med full utlysing i det internasjonale DOFFIN og etter gjeldande lovverk, der Strandafjellet skisenter as er tildelt oppdraget, for til saman 9 år.

For dette skal det betalast ei årleg leige på 7 000 000 kr.
Grunnlaget for driftsprognosane er slik vi vurderar det, nøkternt og konservative anslag for dei fyrste åra, der ein kan med stor sansynlegheit få større omsetting og høgare aktivitet enn budsjettert. For dei seinare åra i perioden, er dette teke utgangspunktet i marknadsgrunnlaget for vår destinasjon, og samanlikna med samanliknbare anlegg i Noreg. (Myrkdalen, Voss osv)

Renteberekninga for investeringane for Strandafjellet KF, er berekna ut frå ei ca snittrente på 2,35% for 2010, for 2011, 2,5, og for 2012 og seinare 3%. Det er og slik at ein kan binde rentene for delar eller heile lånesummen til ei meget god langsiktig rente. Ein har ikkje gjennomført dette no, då alle nasjonale faglege prognosar viser at rentenivået kan kome til å halde seg lavt i lengre tid. Ein vil og legge inn som grunnlag i leigeavtalen med Strandafjellet KF, at dersom rentenivået går ut over 3%, skal den årlege leigesummen kompensere auka utgifter i samanheng med dette.
Avdragsnivået er berekna ut frå informasjon om minimumsavdrag frå økonomikontoret. Oversikt over dette ligger i vedteken tabell 1a.
Det vil og etter gjennomføringa av investeringstiltaka i Hevsdalen for Strandafjellet KF, gjennomførast ein koordinering med Stranda kommune, i samanheng med deling av investeringar for meir sentral infrastruktur som kommunen har eit overordna ansvar for. Det same gjelder tilbakeføring av utlagte kostnadar i samanheng med utbyggingsavtalar i Hevsdalen.

Driftsbudsjettet til drivarselskapet for 2010, er utarbeid med ei nøktern vurdering av driftsinntektene. Erfaringa etter opninga av det "nye Strandafjellet skisenter" viste at anlegget kjem til å få ein kraftig inntektsvekst.
For 2010, ligg ein ann til å kome godt over budsjettert driftsinntekter for heisane, og når det nye anlegget står klart på Roalden, vil dette auke vidare.

Det er og slik, at etter at ein har opparbeid budsjettet for drivarselskapet, så har ein arbeid meir med grunnlaget for drift av andre driftssegment på Strandafjellet. Ein reknar med at berre for 2010/2011 sesongen, vil det vere særdeles vesentleg omsetting i fleire driftssegment. Omsettinga her har god inntening og ein snakkar om store beløp.
Parkering har ein også tapt store inntekter på i lang tid, og når no kommunen blir ferdig med sitt prosjekt med utviding, og automatisk betalingssystem, reknar ein med ei kraftig inntektsauke. Forventa omsetting berre på parkering er om lag 1 500 000 kr årleg.

Postadresse:	Besøksadresse:	E-post:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.
Postboks 264 6201 STRANDA	Servicekontoret Oyna 13	post@stranda.kommune.no	70 26 80 00	70 26 80 01	964 980 098

Stranda kommune
Ordforar

Saksbehandler: Frank Sve

Sommardrift på Strandafjellet, har vore eit usikkert moment. Dette har vore eit stort spørsmålsområde, kva størrelse på omsettinga ein kunne klare å få til her, og om djupvasskaia på Stranda og Hellesylt kom til sesongen 2011. Dette er no avklart og begge kaiene er under utbygging straks. Fyrste cruiseskips anløpa er på plass frå juni 2011, og Strandafjellet vil få aktivitet på sommaren frå dag 1. Det som var eit usikkerheitsmoment er no eit stort næringspotensiale, og vil frå og med sommaren 2011 gje store inntekter, som på sikt kan nærme seg omsettinga for vinteren.
Drifta av anlegget om sommaren har også vesentleg større inntening, då det ikkje er snøbearbeiding, men kun drift av heis/paviljong.

Styret i Strandafjellet skisenter as, har og sett i gang ein prosess med retta emisjon mot eksterne investorar. Dette skal vere ferdig gjennomført iløpet av Desember 2010. Stranda kommune kjem og til å verte med i denne prosessen.

- Etter vår vurdering, vil Strandafjellet skisenter as klare å betale si leige for anlegget i framtida, og risikoen for at dei ikkje skal klare dette er vurdert til å vere lav.
- Leigetakar sine budsjett viser etter noktern budsjettering, overskot i drifta, inklusivt dekking av leige til Strandafjellet KF.

- Snøsikkerheita og Strandafjellet sin posisjon i marknaden som vinter og sommardestinasjon, er samla sett slik at framtida ser meget lys ut.

- Utbygginga og sattsinga på Strandafjellet, vil og medføre kraftig auke av aktivitet for svært mange av bedriftene og selskapa i kommunen, noko som vil medføre auka skatteintekter til kommunen. Berre i samband med dagen utbygging, vil dette vere mange million kroner samla sett. Dei fleste bedriftene på Stranda har betre driftsresultat i 2009 enn 2008, noko som viser at utvikling verkar og har stor effekt, midt i ei finanskrise tid.

- Auka aktivitet medfører auka mengde av arbeidsplassar, som igjen opprettheld eller auka folketalet i kommunen, noko som direkte påverkar kommunen sin samla økonomi. Nedgang i folketalet har dramatiske økonomiske konsekvensar for dei årlege statlege rammene, og ei motverking av dette har utbygginga på Strandafjellet heilt klart hatt ei svært positiv verknad på.

Stranda kommune brukar store summar på næringsutvikling årleg, også til reiseliv. Årleg vert det brukt til DGT og Hellesylt vekts millionbeløp, noko som har gjeve frukter. Kommunen må også i framtida nytte driftsmidlar for å skape aktivitet innan næringslivet i kommunen, og det ville ikkje vere unaturleg at det no vart støtta opp under ei aktiv satsing på Strandafjellet som ein av landets fremste vinterdestinasjonar, og også no i ein oppbyggane fase for sommardrift. Utgifter for å skape auka inntekter er eit kjent begrep for Sunnmøringane, noko som ein og må ta med i betraktningane i dette segmentet.

Slik ein vurderar satsinga på Strandafjellet, så er det ikkje sjølvsagt at Stranda kommune skal eige denne destinasjonen aleine for all framtid. Ein har derimot sett fleire dømer på at det har vore ei rett vurdering å gjennomføre dette med kommunal styring, for å bevare destinasjonen også for innbyggarane i kommunen. At ein i framtida kan trekkje seg ut som eigar, og såleis fordele eller fjerne risiko, vil vere avhengig av struktur, strategi og fleire andre viktige moment som kommunen må ta stilling til.
Uansett har vurderingane vore, at alt er risiko, det er store investeringar som er og vil bli gjennomført på Strandafjellet, men risikoen ved å la vere å gjennomføre ei utbygging, vart vurdert til å verte vesentleg større, noko som førte til opprettinga av Strandafjellet KF , for Stranda kommune.

Mvh

Frank Sve

Styreformann
Strandafjellet KF

Postadresse:	Besøksadresse:	E-post:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.
Postboks 264	Servicekontoret	post@stranda.kommune.no	70 26 80 00	70 26 80 01	964 980 098
6201 STRANDA	Oyna 13				

Stranda kommune
Ordførar
Saksbehandler: Frank Sve

Ordførar
Stranda kommune.

Postadresse:	Besoksadresse:	E-post:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.
Postboks 264 6201 STRANDA	Servicekontoret Oyna 13	post@stranda.kommune.no	70 26 80 00	70 26 80 01	964 980 098

Vedlegg 3 – E-post frå Stranda Hamnevesen KF

Fra: Rita Berstad Maraak <rima@stranda.kommune.no> [mailto:Rita Berstad Maraak <rima@stranda.kommune.no>]
Sendt: 30. september 2010 20:17
Til: <kurt.lovoll@komrev3.no>
Kopi: "Ann Kristin Langeland" <ann.kristin.langeland@stranda.kommune.no>; "Jostein Hole" <Jostein.hole@c2i.net>
Emne: Forvaltningsrevisjon Stranda Hamnevesen KF

Hei !

Viser til samtale 22/09/10 og starter som avtalt på oversending av info. Det du får idag er driftsrapportar som dannar grunnlag for årsmeldingane.
Årsrekneskap har du fått av Lars Birger. Eg har også bestilt ei ny oversikt over renter og avdrag frå økonomikontoret.

Vidare sender eg nokre samandrag av forretningsplan og rapportar. Eg må ha litt meir tid på budsjett og prognosar framover. Vi ventar fortsatt på rapportar marked.

Sender også nye vedtekter som vert framlagt i kommunestyret i oktober.
Kopi av låneavtale.
Delvis ferdig statistikk - manglar fortsatt nokre tal.

Varetransport/ strategi - Styret og administrasjon har gjort nokre vurderingar her, men underteikna er ikkje ferdig med denne saka.

Marked 2011 - 2013: arbeid med materiell vil vere ferdig i løpet av oktober (brosjyrer, webmagasin, presentasjoner) Vi får første korrektur ca. 15.10

Venleg helsing/ Yours sincerely
Rita Berstad Maraak | rima@stranda.kommune.no
Hamnesjef/ Port Director

STRANDA HAMNEVESEN KF | STRANDA PORT AUTHORITY
Main Office: 6216 Geiranger
Post adress: Postbox 264, 6201 Stranda
Telf: + 47 46 41 11 13
www.stranda-hamnevesen.no
Geirangerfjord - Unesco World Heritage Natural Site

Vedlegg 4 – Sist mottekne låneoversyn frå kommunen.

Kontonr.	Lånenr.	Långjevar	Opptak	Oppt. år	Løpetid	Avdrag VU	Saldo lån	Rente	Rente-
Oppdatert pr. :		27.08.2010				2010	31.12.2010	01.01	fot
245.19.535	13 526728 4	Husbanken	2 000 000	1999	18	126 224	820 429	2,10	2,80
245.19.536	13 531761 8	Husbanken	2 000 000	2000	18	133 332	999 990	2,10	2,80
245.19.537	13 536723	Husbanken	600 000	2001	18	40 000	340 000	2,10	2,80
245.19.538	13 542698	Husbanken	800 000	2002	18	53 336	519 986	2,10	2,80
245.19.600	14 626542	Husbanken	800 000	2003	18	53 334	559 997	2,10	2,80
245.19.601	14 628011	Husbanken	1 500 000	2004	18	100 000	1 200 000	2,10	2,80
245.19.602	14 628986	Husbanken	1 500 000	2005	18	100 000	1 250 000	3,60	2,80
245.19.603	14 629849	Husbanken	1 500 000	2006	18	85 596	1 414 404	2,10	2,80
245.19.604	14 630718	Husbanken	1 500 000	2007	18	-	1 500 000	2,10	2,80
245.19.605	14 631357	Husbanken	1 500 000	2008	18	-	1 500 000	2,10	2,80
245.19.606	14 632068	Husbanken	1 500 000	2009	18	-	1 500 000	2,10	2,80
245.20.309	9744	KLP Kommunekreditt	1 183 356	2004	10	118 320	384 696	2,15	2,85
245.20.310	9743	KLP Kommunekreditt	5 236 623	2004	10	551 200	1 516 023	2,15	2,85
	Sum formidlingslån		21 619 979			1 361 342	13 505 525		
245.19.813	13 965023 8	Husbanken	1 560 000	1992	30	62 400	1 092 000	1,10	1,80
245.19.814	13 502743 1	Husbanken	445 000	1992	30	8 903	333 747	1,10	1,80
245.20.001	030363961	KLP	21 350 000	1998	20	717 800	13 279 350	3,38	2,85
245.20.002	030258221	KLP	1 004 864	1989	20	47 868	-	3,08	2,85
245.20.003	030411461	KLP	25 570 000	2008	30	-	25 570 000	5,59	5,59
245.20.006	030380541	KLP	25 000 000	2000	30	833 332	16 875 003	2,11	2,11
245.20.007	030385391	KLP	1 543 000	2001	20	77 150	848 650	2,15	2,85
		Sparebanken Møre				-	*97 126 765*		5,35
245.20.301	7889	KLP Kommunekreditt swap	26 642 000	2000	30	444 034	19 537 470	*2,15*	2,85
245.20.302	7923	KLP Kommunekreditt swap	16 785 200	2000	16	289 400	11 865 400	*2,15*	2,85
245.20.303	7924	KLP Kommunekreditt swap	20 500 000	2004	15	854 168	7 321 422	*2,15*	2,85
245.20.304	7925	KLP Kommunekreditt swap	15 390 000	1993	24	641 250	4 671 964	*2,15*	2,85
245.20.306	7932	KLP Kommunekreditt swap	16 889 330	2005	40	318 668	11 471 989	*2,15*	2,60
245.20.307	8670	KLP Kommunekreditt	60 200 000	2007	27	2 006 666	46 153 338	4,95	4,95
245.20.308	9103	KLP Kommunekreditt swap	17 953 000	2002	30	299 216	13 913 584	*2,15*	2,85
245.20.311	10027	KLP Kommunekreditt swap	7 500 000	2004	25	150 000	6 150 000	*2,15*	2,85
245.20.312	10025	KLP Kommunekreditt swap	22 855 000	2004	25	457 100	18 741 100	*2,15*	2,85
245.19.492	20050653	Kommunalbanken	1 250 000	2005	20	62 500	937 500	2,15	2,75
245.19.493	20060680	Kommunalbanken	26 622 500	2006	25	554 640	24 958 580	2,09	2,30
245.19.494	20060673	Kommunalbanken	4 300 000	2006	10	238 880	3 583 350	2,09	2,30
245.19.495	20070132	Kommunalbanken	55 458 480	2007	25	2 174 840	47 846 540	4,99	4,99
245.19.496	20070604	Kommunalbanken	42 500 000	2007	25	1 770 840	38 958 320	2,05	2,32
245.19.497	20080356	Kommunalbanken	4 534 000	2008	31	151 140	4 382 860	2,04	2,64
245.19.498	20080376	Kommunalbanken	47 800 000	2008	32	-	47 800 000	2,01	2,67
245.19.499	20100277	Kommunalbanken	46 780 000	2010	30	779 667	46 780 000		
245.21.001	10538523	Nordea	73 269 150	2009	31	-	73 269 150	2,07	2,07
	Sum investeringslån		411 318 374			12 940 462	486 341 317		
	Lån totalt		432 938 353			14 301 804	499 846 842		

STRANDA HAMNEVESEN KF									
LÅNEOVERSYN PR.:		22.09.2009	Opptak			Avdrag VU	Saldo lån		Rente-
Kontonr.	Lånenr.	Långjevar				2010	31.12.2010		fot
245.19.000	20050791	Kommunalbanken	10 000 000	2005	20	250 000	8 500 000	5,78	5,78
245.19.010	20060681	Kommunalbanken	4 500 000	2006	40	115 380	4 153 860	2,09	2,30
245.19.020	20100025	Kommunalbanken	62 200 000	2010	40	-	62 200 000	-	2,66
	Sum lån					365 380	74 853 860		

STRANDAFJELLET KF									
LÅNEOVERSYN PR.:		22.09.2009	Opptak			Avdrag VU	Saldo lån		Rente-
Kontonr.	Lånenr.	Långjevar				2010	31.12.2010		fot
245.19.100	20090576	Kommunalbanken	62 250 000	2009	21	1 556 250	60 693 750	2,03	2,28
245.19.101	20100269	Kommunalbanken	53 250 000	2010	30	887 500	52 362 500	-	2,54
			115 500 000			2 443 750	113 056 250		

Innskotsrente Sparebanken Møre: 2,80

Vedlegg 5 Høyringssvar frå Strandafjellet KF

Stranda kommune
Strandafjellet KF

Saksbehandlar: Toril Callsen

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal
Postboks 7734, Spjelkavik
Lerstadveien 545, 4.etg.
6022 ÅLESUND

Vår ref.: 10/1615-4 **Dykkar ref.:** **Arkiv:** K1-210 **Dato:** 09.11.2010

Kommunerevisjonen - forvaltningsrapport - Strandafjellet KF.

Vi viser til høyringsbrev datert 4.november 2010, vedkomande forvaltningsrapport om lånegjeld/tenesteproduksjon i Stranda kommune, og utdraget av denne som vedkjem Strandafjellet KF.

Høyringsutsendinga er gjennomgått og ein finn grunn til å peike på Grunnlag for revisjonsrapport jfr.side 6, punkt 2.2.2. der det heiter:

"Forvaltningsrevisjon skal ikkje overprøve politiske prioriteringar som er foreteke av kommunens eller fylkeskommunens folkevalgte organ".

Vi understreker at Strandafjellet KF er oppretta etter vedtak i kommunestyret i Stranda kommune.

Kommunerevisjonen har fått informasjon om Strandafjellet KF i den perioden selskapet har vore i drift som eigarselskap av sport-og fritidsareana i Hevsdalen. Drivar av anlegget er selskapet Strandafjellet Skisenter AS. Avtale om drift av anlegget er inngått etter utlysing og anbodsrunde i 2010 (Doffin). Driftsselskapet har fleire aksjonærar. Budsjett, erfaringstal og prognoser for drift tilseier at selskapet skal vere i stand til å betale avtalt leige til Strandafjellet KF.

Vi minner om marknadsplanen som blei lagt fram for kommunestyret våren 2010, der kommunerevisjonen var tilstades. Her blei fokus sett på marknad, erfaringstal, konkurransesituasjonen, strategi og prognosar samt forventa økonomisk utvikling av eit utbygd sport-og fritidsområde på Strandafjellet. Styret i Strandafjellet KF vektlegg at Hevsdalen som til no har vore eit vintersportsanlegg, også skal driftast på sommarstid. Marknadstiltak har over år vore gjennomført overfor cruisenæring/rederi som utviser positiv interesse for nye naturbaserte aktivitetstilbod. Strandafjellet, fornying av sentrumsområdet, handel og servicenæring og bygging av cruisekai heng tett saman når heilårsturisme er eit mål for Stranda.

Avsnitt 2, side 2 i høyringsbrevet, omtalar smertegrense og bærekraft i økonomien. Utviklingsprosessen som ligg bak oppretting av Strandafjellet KF bygger på bærekraftig utvikling i betyding av samfunnsutvikling for Stranda. Dette for å imøtekome behov for ny næringsdrift og å styrke eksisterande bedrifter. De nemner også skatteinngang og skatteutjamning. Dette avsnittet bør utdjupast nærare. Ved gjennomgang av rapporten ser vi behov for samtalar og ytterlegare utdjupingar for å sikre både bærekraftig økonomi og bærekraftig samfunnsutvikling.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Toril Callsen
Dagleg leiar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Postadresse:	Besøksadresse:	E-post	Telefon	Telefaks	Organisasjonsnr.
6201 STRANDA		post@stranda.kommune.no			964 980 098

Vedlegg 6 Høyringsuttale Stranda kommune

Stranda kommune
Rådmannen

Saksbehandlar: Ann Kristin Langeland

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i More og Romsdal
Postboks 7734, Spjelkavik
Lerstadveien 545, 4.etg.
6022 ÅLESUND

Vår ref.: 10/603-10 **Dykkar ref.:** **Arkiv:** K1-210, K3-&14 **Dato:** 11.11.2010

Høyring - Analyse av kommunen si lånegjeld vurdert opp mot økonomisk berekraft og nødvendig tenesteproduksjon

Innleiing
Syner til motteken forvaltningsrevisjonsrapport nr 08/2010. Rådmannen vil nytte seg av retten til å gje ein høyringsuttale, i tråd med brev frå kommunerevisjonen, dagsett 05.11.10.
Rådmannen i Stranda har opplevd prosessen fram mot avlevering av forebels rapport som ryddig.

Generelt

Rapporten synes å vere grundig, og den framstår som eit godt verktøy for administrasjonen inn mot budsjettarbeidet 2011, og ikkje minst i høve arbeidet med økonomiplan, der Stranda kommune har store utfordringar framover.
Rapporten tek opp fleire problemstillingar som allereie burde vore arbeidd med i administrasjonen, men som av ulike grunnar ikkje har fått den nødvendige prioritet. Vidare peikar rapporten på utfordringar og problemstillingar som må finne sine konklusjonar gjennom politiske vedtak.
Rådmannen er i denne omgang invitert til å gje ein høyringsuttale. Det ligg til kontrollutval og kommunestyre å handsame rapporten vidare når den vert endeleg frå revisjonen si side.

KOSTRA/kommunebarometeret

Revisjonsrapporten nyttar seg av KOSTRA tall og Kommunebarometeret (Kommunal rapport). Desse tala stadfestar at Stranda kommune har utfordringar på fleire sektorar. Kommunen scorar lavt på nokre sektorar og relativt høgt på andre. Rådmannen er av den oppfatning at små justeringar kan auke scoren på barometeret, ikkje minst i høve barnehage og administrasjon. Den tyngste sektoren å endre er pleie- og omsorg; dette både med omsyn til nye oppgåver og økonomiske rammer.
KOSTRA bør i større grad nyttast inn i arbeidet med planlegging og budsjettering, men då må administrasjonen legge meir vinn på rapportering og analyse av tala.

Netto driftsresultat

Stranda kommune har eit lågt netto driftsresultat, og revisjonsrapporten tilrår at kommunen bør kome på eit nivå kring 3%. Dette nivået vert det krevjande å nå dei fyrste åra, men gjennom målretta arbeid med budsjett og økonomiplan bør ein etter kvart nå dette målet, noko som vil vere med å stabilisere økonomien i Stranda kommune.

Postadresse:	Besøksadresse:	E-post	Telefon	Telefaks	Organisasjonsnr.
6201 STRANDA	Postboks 264	post@stranda.kommune.no	70 26 80 00	70 26 80 01	964 980 098

Lånegjeld

Uansett korleis ein les tala, kjem ein ikkje utanom det faktum at Stranda kommune har ei hog lånegjeld. Sjolv om deler av låna er knytt til VAR (sjolvfinansierande), skulebygg og pleie- og omsorg med ein grad av rentekompensasjon, så har kommunen ein stor del av lånegjelda knytt til reine investeringsprosjekt som det skal svarast rente og avdrag på. Dette bind opp store summar til rente- og avdrag, noko som forer til mindre "frie midlar" til drift. Dette i tillegg til reduksjon av momskompensasjon til drift, gjer at det må leggast meir arbeid i okonomiplan i åra framover.
Gjeld VAR i Stranda er om lag på gjennomsnittsnivå pr. innbyggjar sett i hove til landet elles. Det kan vere ein peikepinn på at VAR-budsjettet er på eit akseptabelt nivå.
Rapporten peikar også på at kommunen allereie har trekt grensa for nedbetalingstid på låna til det yttarste. Dette gjer at ein ikkje har noko å gå på knytt til avdrag.
Når det gjeld renter, gjev stresstesten eit godt bilete av situasjonen i dag, samt at den gjev eit bilete av kva som kan vente kommunen ved ulike scenario i rentemarknaden.

Okonomiplan

Som revisjonen peika på i den forebelse rapporten, så hadde ikkje kommunen lagt inn auke i rente- og avdrag i perioden, ei heller var det teke hogde for konsekvensar av endringar i momskompensasjonsordninga. Slik rådmannen ser det kan dette vere ein indikator på at okonomiplanen er i ubalanse. Det hoge investeringsnivået i Stranda dei siste åra har fort til at nivået på momskompensasjon har vore hogt i Stranda. Når dette no gradvis vert saldert i drifta står kommunen fore store utfordringar knytt til å finne inndekning for dette. Dette vert stadfesta i rapporten som no ligg fore. Rådmannen er klar over problemstillingane knytt til dette, og tek dette med vidare inn i arbeidet med budsjett 2011 og den komande okonomiplanen. Det kan synast som om det ikkje er budsjettert med reelle tal for investeringane i okonomiplanen, noko som vert gjenspegla i form av auka låneopptak til investeringar i lopet av budsjettåret.

Kommunale foretak

Dei kommunale foretaka har gjeve eigne uttalar på rapporten. Frå rådmannen si side vil det difor i denne samanheng berre seiast at ein har merka seg revisjonen sine uttalar knytt til risikovurdering i foretaka. Rådmannen omtalte akkurat dette i saka om auka låneopptak i Strandafjellet KF.

Konklusjon

Revisjonen peikar på at Stranda kommune er i ein sårbar situasjon. Dette er i tråd med det rådmannen har peika på i fleire hove ved sporsmål om vidare låneopptak i kommunen. Stranda kommune har over fleire år bygd ned disposisjonsfond, noko som gjer at ein i dag står utan ein naudsynt buffer.
I dei komande åra vert det difor viktig med ei stram okonomistyring både i hove drift og investering. Berre slik kan Stranda kommune oppfylle kommunelova § 1 sin intensjon om generasjonsprinsippet. Rådmannen vil ta rapporten med i det vidare arbeidet med okonomistyring i Stranda kommune, slik at vi kan sikre at Stranda kommune har eit stabilt velferdstilbod på kort og lang sikt, og som sikrar at kommunen i framtida står minst like godt rusta til ressursmessig å loyse velferdsoppgåvene som står fore.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Ann Kristin Langeland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

KOMREV3 IKS
KOMMUNEREVISJONEN

KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgjeving. Det blir rapportert til den einskilde kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: komrev3@komrev3.no
Org.nr. 971562587